



2019- 2020

Verksemdsplan 2019-2020



Arne P Solberg

Øygarden kommune

2019-2020

Verksemdsplan 2019-2020

med lokale utviklingsmål for Toftøy skule på veg inn i «Nye Øygarden»

Verksemdsplanen er eit overordna og samordnande plandokument for skulen og eit arbeidsverktøy for planarbeid, utviklingsarbeid og vurderingsarbeid. Planen er styringsdokument og retningsgjevande for den pedagogiske verksemda ved skulen.

Skulen sin visjon er:

Å skapa tryggleik og god læring kvar dag for alle.




1.GENERELL DEL

Skulen vart Opna til skulestart august i 2008 og kan i år feira sitt 10 årsjubileum. Toftøy er ein av 4 barneskular i Øygarden kommune. Toftøy skule ligg sør i Øygarden og krinsgrensa er i dag avgrensa til øya Toftøy. Normalt elevtall for sju årstrinn varierar mellom 150 – 160 elevar. Med teljedato 25 februar 2019 har skulen 154 elevar og 8 klasser.

Skulen består fysisk av «gamle bygget» frå 1964, «nybygget» frå 2007.

Skulen ligg fint til med gode natur ressursar for aktivitet knytt til sjø, skog og utmark. Like ved skulen er det eit nytt friidrettsanlegg som kan nyttast i gym.undervisninga.



Verksemda

Teneste	Stillingstype	Årsverk	Brukarar	Budsjett 2019
20210	GRUNNSKULE			14.886.000
	Leiing/adm/kontorsekretær	1,9	Elevar/føresette	
	Lærarar	12,90	Elevar/føresette	
	Vernepleiar	1,75	Elevar/føresette	
	Skuleassistent/fagarb	3,44	Elevar/føresette	
21510	SFO			1.183.000
	Leiar	1,0	Elevar/føresette	
	Vernepleiar	0,25	Elevar/føresette	
	Andre/fagarb.	1,65	Elevar/føresette	
	SUM	22,88	.	16.069.000



2.0 OVERORDNA KOMMUNALE / POLITISKE MÅLSETJINGAR

Visjon for Øygarden kommune:

Brubyggjaren – me byggjer bruer mellom folk.

Fokusområde: Brukarfokus, kompetanse og kvalitet.

Verdigrunnlag: Lojal, ærleg og raus.

Strategiar i Kommuneplanen 2014-2022 knytt til skule:

- Barn og unge skal sikrast eit godt oppvekstmiljø som gjev tryggleik, omsorg og utvikling.
- Barn og unge skal gjennom grunnskuleopplæringa sikrast tilfredstillande kunnskapar og positive haldningar.
- Kommunen skal styrka samarbeidet mellom skulane gjennom kunnskapsdeling og erfaringsoverføring.
- FAU si rolle skal tydeleggjerast og styrkjast for å utvikla skulen

Tenestemål skule 2018-2021:

- Alle lærarane skal praktisera undervegs vurdering i tråd med dei fire prinsippa i «Vurdering for læring».
- Grunnskulepoenga skal liggja på landssnittet eller over.
- Gjennomsnittresultata på dei nasjonale prøvane skal liggja på landssnittet eller over.
- Andelen elevar på lågaste meistringsnivå på dei nasjonale prøvane skal liggja på landssnittet eller under.
- Andelen lærarar med universitets-/ høgskuleutdanning og pedagogisk utdanning skal liggja på landssnittet eller over.
- Trivsel i skulen og andelen elevar som opplever seg mobba, slik det vert målt i elevundersøkinga, skal liggja på landssnittet eller betre.
- Lærarane og assistentane i skule og SFO skal få opplæring i «De utrolige Årene».
- Ein skal arbeida for at andelen elevar som har spesialundervisning, ligg på landssnittet eller under.
- Tal elevar i SFO pr. årsverk skal liggja på landssnittet eller under.
- Tilsette må visa endringsvilje og ta på seg nye oppgåver i samband med etablering av nye Øygarden kommune.

2.1 OVERORDNA MÅL FOR EININGA *

Felles styringsmål for skulane i Øygarden kommune med tiltak på eininga*

<p>Alle lærarane skal praktisera undervegs vurdering i tråd med dei fire prinsippa i «Vurdering for læring».</p>	<p>Skulane i Øygarden kommune har gjennomført Udir sitt «prosjekt» «Vurdering for læring» og jobbar i etter dei 4 prinsippa om at elevane lærer best når dei: - forstår kva dei skal læra, og kva som er forventa av dei - får tilbakemeldingar som fortel dei om</p>
--	---

	<p>kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen</p> <ul style="list-style-type: none"> - får råd om korleis dei kan forbetra seg - er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og utvikling
Gjennomsnittresultata på dei nasjonale prøvane skal liggja på landssnittet eller over	<p>Skulen har fokus på fagleg oppfølging av elevar. Resultat frå nasjonale prøver vert analysert og gjennomgått med personalet. Det er årlege svingningar som kan ha ulike årsaker. Skulebidragsindikator kan gje skulen eit høgare snitt målt mot landsgjennomsnittet</p>
Andelen elevar på lågaste meistringsnivå på dei nasjonale prøvane skal liggja på landssnittet eller under	<p>Varierende resultat. Siste skuleår var det ok andel i prøvegruppe 1 når det gjeld lesing. Engelsk reuSltat vert jobba med, da det var fleire enN landsnitt i gruppe 1</p>
Andelen lærarar med universitets-/høgskule-utdanning og pedagogisk utdanning skal liggja på landssnittet eller over.	<p>Alle lærarar har godkjend høgskule kompetanse. Skulen har satsa mykje på kompetanseheving dei siste 5 åra</p>
Trivsel i skulen og andelen elevar som opplever seg mobba, slik det vert målt i elevundersøkinga, skal liggja på landssnittet eller betre	<p>Ved Toftøy skule har vi fokus på at læringsmiljøet skal vera inkluderande og mobbefritt. Vi har og høgt fokus på fysisk aktivitetar i alle pauser og tilstrekkelig tilsyn i alle friminutt og overgangar</p>
Ein skal arbeida for at andelen elevar som har spesialundervisning, ligg på landssnittet eller under.	<p>Talet på elevar med §5,1 tilbod / spesialundervisning ligg på landsnittet ved skulen. Ressursteasm ved skulen har fokus på at alt skal vera prøvd før det vert iverksett tiltak med spesped vedtak</p>
Tal elevar i SFO pr. årsverk skal liggja på landssnittet eller under	<p>Kommunale retningsliner 12- 14 born per vaksen vert følgt</p>

2.2 Tenestemål folkehelse og førebygging som vedkjem skule 2018-2021

- Skular, SFO og barnehagar skal følgja Helsedirektoratet sine retningsliner for mat og måltid.
- Skulane skal leggja til rett for minimum 30 min dagleg fysisk aktivitet for alle elevar.
- Prosjektet «Alle barn sykklar» vert vidareført etter sykkel-VM i tråd med tiltak i kommunen sin Trafikksikringsplan.

<p>Skular, SFO og barnehagar skal følgja Helsedirektoratet sine retningsliner for mat og måltid</p>	<p>Skulen har fokus på sunt kosthald. Me oppmodar til sunne matpakkar Elevane får tilbod om å bestilla frukt og mjølk. Me har skulekantine 1 gong i veka I faget mat/helse på 4. og 6.trinn har me fokus på sunt kosthold. Alle elevane får 20 min matpause.</p>
<p>Skulane skal leggja til rett for minimum 30 min dagleg fysisk aktivitet for alle elevar.</p>	<p>Toftøy skule legg vekt på fysisk aktivitet: Mellomtrinnet har obligatorisk fysisk aktivitet tre gongar pr. veke utanom</p>

	<p>gym-timane. Småskuletrinnet har tilbod om organiserte leikeaktivitetar 30 min tre gongar pr. veke gjennom vårt eige Trivselsleiarprogram. Dette er organisert av Vernepleiar/miljøterapeut</p> <p>I tillegg til dette prøver vi å integrere fysisk aktivitet i alle faga på ulike vis.</p> <p>Toftøy skule har felles-turar og ulike dagar med fysisk aktivitet for heile skulen fleire gongar kvart år.</p>
<p>Prosjektet «Alle barn sykklar» vert vidareført etter sykkel-VM i tråd med tiltak i kommunen sin Trafikksikringsplan.</p>	<p>«Alle barn sykklar» vart hausten 2018 gjennomført for både 4. trinn og 3. trinn. Sykkel vert og nytta til ein del fysiske aktivitetar for mellomtrinnet. Det er ei begrensning at ein må passere bruar og strekningar som har 80 sone og ikkje skjerma sykkelveg dersom ein skal andre plasser i kommunen.</p>

2.2.1 Om styringsmål og styringsverktøy -Strategiar i Kommuneplanen for 2014-2022:

- Nytt brukarundersøkingar som verktøy for å vurdere kvaliteten på tenestene

2.2.2 Tenestemål 2018 – 2021 generelt

- Tenestene skal vera på minimum landsgjennomsnittet, slik resultata kjem fram i Kommunebarometeret, Betre kommune, Folkehelsebarometeret og KOSTRA
- Forbetra samhandling og koordinering på tvers av sektorar og einingar. Kommunestyret fastset i budsjett og økonomiplan såkalla tenestemål som skal gjelda for alle skulane og utdanningsektoren spesifikt i kommunen.

3.0 UTVIKLINGSMÅL FOR TOFTØY SKULE


3.1. Prioriterte område

Faglege mål for Toftøy skule




Målsetting	Korleis
<p>IKT – digitalisering</p> <p>Toftøy skule ynskjer å vera ein lokal føregangsskule i digital undervisning som er pedagogisk grunna og forankra blant dei tilsette.</p> <p>Toftøy skule skal søkje kunnskap og samarbeid med andre skular og UH sektor med tanke på kompetanseheving innen digital undervisning.</p> <p>Toftøy skule skal delta på regionale og nasjonale samlinger som tek opp skuleutvikling knytta til digitalisering. Td. SETT Konferansen på Lillestrøm om hausten og NTNU konferanse på våren i Trondheim.</p> <p>Bli gode på erfaringsdeling internt og i regionen vår – Nye Øygarden kommune</p>	<p>Frå hausten 2018 tok alle klasser frå 3.- 7. klasse i bruk plattformen G Suite for undervisning. Ut i frå denne plattformen formidlast både lærestoff, oppgåver, undervisning knytta til skulen og anna kontakt med heimen. Elevar frå 3.- 7. får si eiga digitale eining, Chromebook, som dei kan nytta til skularbeid både heime og på skulen. Det kan verta naudsynt med foreldre opplæring i bruk av G Suit.</p> <p>Gjennomføre årleg foreldreopplæring i digitalt nettvert saman med elev.</p> <p>Elevar på 2. trinn (18/19) har fått utprøve I- pad med «plattformen» Showbie.</p> <p>Frå hausten 2019 skal alle elevar ved Toftøy skule ha tilgang til si eiga «datamaskin»</p> <p>Samarbeid med NLA gjennom den nye modellen for desentralisert kompetanseutvikling/</p>

<p>Og...ALLE skal med- digital satsing kan ikkje veljast bort i einskildklasser</p>	<p>etterutdanning</p> <p>Internt på skulen nyttar vi Google-disk til deling av undervisningsopplegg og i planlegging av undervisning</p> <p>Målt kompetanseheving ved årleg eigenevaluering SAMR modellen</p>
<p>Begynnaropplæring</p> <p>Toftøy skule skal verta betre på begynnaropplæring i lesing, skriving og rekning.</p>	<p>Dette skal skje både ved ein rettferdig og bevisst deling av tidleg innsats ressurs Og ein tettare oppfølging når det vert registrert at nokon ikkje heng med.</p> <p>Skulen vil søke kompetanseheving spesielt innen STL+ metoden og ta i bruk dette saman med eller kombinert med digital leseopplæring.</p> <p>Skulen vil og «utprøve» digital skriving med D penn</p> <p>Fokus på mellomtrinnet på omvendt undervisning – matematikk. (td.Campus inkrement)</p>
<p>Klasseleiing</p> <p>Ved Toftøy ynskjer vi <i>God</i> relasjonsbasert klasseleiing</p>	<p>Skuleleiinga:Rektor og teamleiar har eit særleg ansvar for å følgje opp og gje rettleiing til nye lærarar og andre som treng støtte. Vidareføre og vidareutvikle skulevandring også som ledd i VFL oppfølginga</p>
<p>Kompetanseheving</p> <p>Leiarane ved skulen skal halde seg fagleg oppdaterte og vera utviklingsorientert. Dei skal stille krav til dei tilsette, men og høyra dei når dei strevar med ufordringar i opplæringa eller klassemiljøet.</p>	<p>Tilbod om leiarutdanning</p>

<p>Dei tilsette ved skulen skal vera fagleg oppdaterte.</p>	<p>Dei tilsette skal få høve til vidareutdanning gjennom statleg utdanningstipend, konferansar, intern kursing, erfaringsutveksling og workshop arbeid.</p> <p>Dei tilsette må og på eige initiativ søke å halde seg fagleg oppdatert både innanfor fag, pedagogikk og digital utvikling. Desse måla gjeld alle tilsette også dei som ikkje er pedagogar. Tilbod om fagopplæring tilsvarande barne og ungdomsarbeidar til dei som noe er tilsett som assistentar. To assistentar deltek på denne opplæringa våren 2019</p>
<p>Samarbeid skule heim</p> <p>FAU er ein viktig støttespiller for skulen og vi inviterer til samarbeid om alle positive saker for skulemiljøet og elevane.</p> 	<p>Skulen held kvar haust eit felles foreldremøte. I tillegg vert det gjennomført klasseforeldremøter på haust og om ynskjeleg på våren. Nokon trinn held og temaforeldremøter, mellom anna om digitale mediar.</p> <p>Det er kontaktlærer som er primærkontakten ut mot dei føresette og i det daglege. Sjølvstøtt kan dei føresette og ta kontakt med leiinga ved skulen. Kontaktlærer skal to gonger i året, november og mai gjennomføre utviklingsamtaler med elev og føresette der prinsippa frå VFL er sentrale. «korleis verta betre og nå måla»</p> <p>Skulen nyttar SMS varsling ut mot alle føresette. Skulen har og ei eiga webside med informasjon om smått og stort som skjer. Skulen ved lærar kan og ha dialog med dei føresette gjennom eleven sin Google konto G Suite. Alle lekseplanar ol. vil verte formidla digitalt gjennom denne kontoen og ikkje på papir</p>

4.0 HMT

Mål	Tiltak
<p>Auke nærveret.</p> <p>Toftøy skule skal ha eit trygt og god miljø for barn og vaksne.</p>	<p>Sjå punkt 5.0</p> <p>Vi jobbar og skal forsetje med å jobbe for å få eit trygt, godt, utviklande og stimulerande miljø for barn og</p>

<p>God og enkel informasjonsflyt.</p>  <p>Båt tur rundt Skogsøy i 2015</p> <p>God trivsel i personalet</p> <p>ROS- analyse</p>	<p>vaksne. For å få til dette må vi ha gode rutinar, ROS analyse for å kunne vere i forkant av hendingar, og vere støttande når vaksne står i utfordrande saker.</p> <p>Alle tilsette skal få lik informasjon, der det er naudsynt. Vi nyttar felles morgoninfomøte kvar måndag. Denne info sendast og ut som epost til alle tilsette og vi nyttar intern oppslagstavele på personalrommet. Om naudsynt vert og SMS varsling til alle tilsette nytta.</p> <p>Målet er at alle skal kunne få men og sjølve skaffe seg den informasjonen som ein treng.</p> <p>Personalmøter i SFO-tida, for å nå alle tilsette.</p> <p>Sosiale hendingar for personalet. Kontakt med skuler i andre land Roma 2016 *</p> <p>Krisehandtering Fysisk og psykisk arbeidsmiljø.</p>
---	--



Frå skulevitjing i Roma 2016 *

5.0 SJUKEFRÅVÆR

Det er ei målsetting at sjukefråvær er så lågt som mogleg og under den fastsette målsettinga for kommunen samla 7%. Sjukefråvær for 2018 var på 5,4%

6.0 ØKONOMI

Det er ei målsetting for Toftøy skule å halde rammene for budsjettet som for 2019 er 16.069.000 inkludert SFO drift.

Toftøy skule 25.februar 2019

Arne P Solberg